

Kulturplan 2016 – 2026 – Vedlegg

Kap. 7 Vedlegg – meir detaljert informasjon

1. Langsiktige behov for kulturlivet. Handlingar og tiltak – detaljert.
2. Status og utfordringar i Giske kommune
3. Rapportar / empiriske undersøkingar
4. Overordna føringar i Giske kommune
5. Overordna føringar, nasjonalt og regionalt nivå
6. Resultatvurdering av førre plan
7. Kulturplanen sin plass i høve andre kommunale planar (planhierarki)
8. Planprosess inkl. rullering og seinare revidering av planen
9. Utviklingstrekk i kommunen inkl. tal om kultur frå Kommunebarometeret 2015, Kommunal Rapport

1) Langsiktige behov for kulturlivet. Handlingar og tiltak – detaljert

1) Kulturlivet generelt inkl. frivillige, lag og organisasjoner

Mål 1.1: Giske kommune skal styrke rammevilkåra for kulturlivet og frivillig sektor slik at det blir lettare engasjere seg i kulturarbeid.

Giske kommune kan ikkje gjere alt sjølv, men vi vil ha rammevilkår som gjer det lettare for andre å drive kulturarbeid.

Tiltak:

- Relevant digital informasjon via nettside, Facebook o.l. om kommunale, offentlege og private tilbod til innbyggjarane.
- «Tilskuddsportalen»: informasjon om ulike tilskottssordningar.
- Vurdere felles øvingslokale med lager for instrument og utstyr for lag og organisasjoner innan song og musikk.
- Kulturmidlane og prinsipp for fordeling – politisk sak.
- Gratis aktivitet / trening / øving for barn og unge under 18 år, uavhengig av type lag og organisasjon.
- Kollektivtilbod. Styrking av kollektivtilboden med m.a. ringbuss mellom øyane. Korrespondanse med andre (buss og båt)ruter. Bestillingsrute med taxi / småtransport til hovudtrasé? Kommunen har tidlegare fått milliontilbod frå privat transportør om å drifta bussrute på dagtid i vekene.
- Nettverksarbeid i interkommunale / regionale areanaer som «Bibliotekforum», «Den kulturelle spaserstokken», Fylkeskulturkonferanse, Nordre Sunnmøre Kulturleiarforum, «Kulturskuleforum» / rektormøte, regionsamlingar, nettverks- og basismøter for Frivilligsentralane m.m.
- Kulturelt mangfald = kulturell ressurs. 62 nasjonar er busette i Giske – viktig at desse blir aktive i samfunnet. Vi skal innhente erfaringar frå andre kommunar som over tid har lykkast med dette, for å hente inspirasjon. Kultureininga bør vere med.

- Lokale møteplassar der innflyttarar og nye landsmenn kan møte innbyggjarar i sosiale og kulturelle aktivitetar.
- "Kjerringråd" for lokale damer og damer med innvandrarbakgrunn der dei kan møtast ein gong i månaden og drøfte og jobbe med saker dei er opptekne av.
- Giske folkeakademi vil samarbeide med lag og organisasjonar om t.d. undervising for nye landsmenn og -kvinner om allemannsretten, retten som er grunnleggande i den norske kulturen og som gjer at alle kan gå tur, opphalde seg i naturen, plukke bær, sylte m.m.
- Ved neste revidering av kulturplanen – som grunnlagsmateriale for planarbeidet – skal ein prøve skaffe ei oversikt over laga, organisasjonane og andre sentrale aktørar i kulturlivet.

Mål 1.2: Giske kommune skal samarbeide med kulturlivet

Tiltak:

- Møte mellom idrettsrådet, museums- og kulturminnerådet, musikkrådet og ungdomsrådet og politisk komité for kultursaker for å drøfte mulegheiter, utfordringar og samarbeid.
- Drøfte med kulturlivet korleis marknadsføre alt som skjer. Døme: aktivitets- / kulturkalender med informasjon til innbyggjarar og muleheit til å koordinere for å unngå at større arrangement og hendingar blir lagt på same dag.– dette vil styrke identiteten og samkjensla mellom innbyggjarane.
- Samhandling mellom kulturlivet og det offentlege – på begge partar sine premissar.
- Lag og organisasjonar som vil drøfte saker med kommunen skal få klare og realistiske tilbakemeldingar om kva kommunen ev. kan bistå med.
- Framlegg i politiske saker og administrative styringssignal må gi tydelege signal om kva kulturoppgåver ein vil ha prioriterte. Saker skal vise til vedtekne mål og ha budsjettdekning.
- Spelemidlar.

Mål 1.3: Giske frivilligsentral – sentral aktør som ressurs for frivillige og samspelar mellom private og offentlege i Giske kommune.

Tiltak:

- Rekruttere frivillige frå alle øyane.
- Auke stillingsressursen på frivilligsentralen med 30 – 50 %.
- Marknadsføre lokala.
- Frivillige kan bruke frivilligsentralen sine lokale.
- Frivilligsentralen ønskjer meir samarbeid.
- «Den kulturelle spaserstokken». Ulike profesjonelle kulturelle aktivitetar og arrangement til eldre i løpet av eit år. Primært avhengig av ekstern finansiering.
- Vidareføre det imponerande engasjementet i sentralen.

2) Kultur og oppvekst. Fritidstilbod for barn og unge

Mål 2.1: Giske ungdomsråd skal vere eit organ som jobbar for å fremme ungdom sitt syn og ønskje i saker som angår dei.

Tiltak:

- Giske ungdomsråd – ein aktiv part i planlegging, utforming, gjennomføring og evaluering av ungdomsaktivitetar.
- Ungdomsrådet med dedikerte ressursar for å hjelpe til med det praktiske arbeidet (ref ungdomsarbeidar). Kommunestyret sin kontaktperson skal vere med i alle møte.
- Møtearena tilpassa ungdom for å stimulere til engasjement.

- Ungdomsrådet aktive i saker som angår ungdom.
- Bruke Fylkesmannen sitt verktøy «7-milssteget» (som implementerer FNs barnekonvensjon i kommunane)?

Mål 2.2: Giske kommune skal bidra til at ungdommen finn sin plass i kommunen ved at dei får ta del i å utvikle attraktive fritidstilbod.

Fordrar: rekruttere ungdom som aktive medspelarar, tilsett som koordinator av aktivitetar og med gjennomføringskompetanse, marknadsføring, midlar, eigna lokale.

Tiltak:

- Ungdomsarbeidar (i kultur?): * mentor og tilretteleggar for ungdom sin eigen aktivitet. * Trygg vaksenkontakt som dannar nettverk og er stabilisator i ungdomsmiljøa. * Kommunal kontaktperson for ungdomsrådet. Viktig stilling for å unngå at giskeungdommen har færre fortrulege venner, spelar meir data og er mindre aktive i fritidsorganisasjonar enn ungdom frå andre kommunar på Sunnmøre, ref rapport «Ung på Sunnmøre. Rapport nr 2.» frå Møreforsking. Viktig for å stimulere til fleire sosiale møteplassar.
- Fleire attraktive plassar for sosiale samlingar for ungdom over og under 18 år, t.d. «kafear».
- Lokale som ungdommen finn attraktive og der dei får stimulere sin kreativitet og skaparevne. Gjerne samlokalisert med andre grupper. «Øvingslokale anna enn container og som ein kan bruke meir enn 20 minutt i gongen» (mrkn. les: musikkbingen), innspel frå ungdomsrådet.
- Aktivitetar og arrangement der ungdommen sjølv arrangerer.
- Fleire fritidstilbod til ungdom, dvs meir aktivitetar enn idrett, fotball og handball. T.d. musikk, måling, film, boksing (samarbeid med privat aktør?) m.m.
- Samarbeid mellom ungdomsrådet og Momentum / «Øygardshamna» (kulturfabrikken).
- Ungdommen med i drift og utvikling av lag og organisasjonar
- Reklamere for tiltaka og øvingslokala som allereie fins.
- Kommunale tilbod som supplement til eksisterande tilbod.
- Informasjon til ungdom om friluftsliv og allemannsretten som m.a. gir tilgang til overnatting ute i naturen.
- Sommarferieaktivitetar.
- Sommarjobbsentral for og med ungdom.
- Dansetilbod på Godøya (gruppeundervising).
- Boksing, samarbeid med privat aktør.
- Jenteboksing på Godøya (*innspel frå ungdomsrådet*).
- Styrke foreldre og kulturlivet sin kompetanse knytt til m.a. rus slik at dei kjenner til kva hjelpeapparat som fins og korleis desse kan bistå i deira arbeid.
- UKM / Ungdommens Kulturmönstring.
- Ungdomsklubben på Valderøy ungdomsskule. Aktiviteten skal utviklast / drivast saman med ungdom. Betre marknadsføring.
- Kan fritidssyslar starte rett etter skuletid eller før ein fær heim på ettermiddagen? (*Innspel frå ungdomsrådet til samfunnsplanen.*)
- Workshop (rettleiring) for ungdom frå 7. klasse og oppover.
- UngData-undersøking – gjennomførast som del av arbeidet med rusplan, alternativt plan for ungdomsarbeid.

Mål 2.3: Lokalsamfunn med MOT i Giske: MOT til å bry seg, MOT til å leve og MOT til å seie nei.

- «2 – 1 regelen»: Du må gjerne kritisere og vere negativ, men du skal også seie to positive ting som skal forbetre det du kritiserer!
- «Catch them being good». Gi ros når folk gjer noko bra, positivt og flott!
- Vi skal heie på folk som får det til!

- MOT-programmet i grunnskulen: UMM / Ungdom med MOT, MOT til å glede dagen, Signalberar med MOT, samarbeid med lag og organisasjonar, Global Dignity day.

3) Kultur og opplæring (kulturskule, skule, barnehage, SFO)

Mål 3.1: Kulturskulen skal utvikle gode og varierte tilbod for barn og unge i grunnskule og vidaregåande skule.

Tiltak:

- 30 % av alle skuleelevarne i Giske kommune (grunnskule og vidaregåande) skal ha tilbod om plass i kulturskulen. (I dag 23 %, 360 elevar.)
- Fleksible grupper og fellesprosjekt på tvers av fa, t.d. musikal / teater / ungdomskor.
- Implementere ny rammeplan og nye fagplanar i kulturskulen.
- Nye tilbod: «Ny-sirkus» (akrobatikk m.m.) kan rekruttere frå nye gruppe deltagarar, t.d. gutar.
- Delta på UKM.
- Framsyningar, t.d. «kulturveke» på slutten av skuleåret.
- Vurdere sporadisk undervising for elevar i gruppe.
- Stogrupper kan gi tilbod til fleire.
- Kartleggje ønske / behov frå elevar i vidaregåande skule.
- Kulturskule for «eldre ungdom» over ungdomsskule:
 - frilyndt / ikkje-religiøst ungdomskor
 - kortare eller lengre kurs for interesser som film, dans, musikk, band m.m.

Mål 3.2: Kulturskulen – eit kommunalt ressurssenter for kulturlivet.

Tiltak:

- Kulturlivet kan kjøpe tenester frå kulturskulen mot utgiftsdekning. Avtaleregulerast.
- Flygel som kan stå fast på kulturscena ved Valderøy barneskule / Giske kulturskule. Kan brukast av kulturlivet.

Mål 3.3: Skapande aktivitetar og kulturelt mangfald skal vere synleg i barnehagane, grunnskulane og SFO i Giske.

Tiltak:

- Kan skular tilpasse timeplanar slik at undervising i korps og kulturskule kan skje i eller rett etter skuletida?
- Giske folkebibliotek: fagleg samarbeid, besøk på biblioteket og utplassering av bokkasser i alle barnehagane.
- Godøy kystmuseum / Stiftinga Sunnmøre museum og kulturinstitusjonar regionalt – samarbeid. (Kultur gir tilskott til kystmuseet.)
- Kulturskulen kan «selje tenester» til barnehage, skule og SFO.
- Kulturskulen med framføringer på skulane.
- UKM: inspirasjon for kulturell aktivitet i skulane. Skulane er viktig marknadsføringskanal for UKM og andre kulturarrangement.
- Spelemidlar formidla via kultur attraktive og trygge uteområde.
- Fagleg bidrag i utvikling av undervisingsopplegg for sentrale kulturminne.
- Elevorganisasjonar som kan ivareta elevane sine interesser inn i grunnskulen.

4) Kultur og helse. Folkehelse

Mål 4.1: Kultur, instrument for å skape god folkehelse.

Tiltak:

- Folkehelse gjennomgåande tema i kommunale planar.
- Fysisk aktivitet for alle innbyggjarar ved å sikre område til alle former for fysisk aktivitet som bading, sykling, turaing etc, ref kap om friluftsliv og rekreasjon.
- Ordning med følgjekort (ledsagerbevis).
- «Lønningstur» på alle arbeidsplassar: felles trimtur same dag ein får løn.
- Gjennomføring av kulturplanen, særskilt kap 8, friluftsliv.

Mål 4.2: Meir kulturaktive eldre i Giske.

Tiltak:

- Aktivitørar tilsett i eining for kultur og miljø? Arbeider i kommunale dagtilbod og bueiningar med heildøgnsbemanning. Må avklare arbeidsgjevaransvar, turnus m.m.
- Ressurs: "Metodebok – systematisk bruk av musikk for ansatte i eldreomsorgen", Unikum forlag, 2005.
- «Den kulturelle spaserstokken» (ref frivilligsentralen).
- «Leseombod» på alle institusjonar (ref kap 5): ein person som les for ein annan som er forhindra i å lese. Giske folkebibliotek har under etablering slikt tilbod på Valderøy omsorgsdistrikt. Ønske om å utvide tilboden til alle institusjonar.
- Eldre ressurs for eldre, t.d. eldrekor, revygruppe.
- Eldre ressurs for yngre, t.d. som medhjelparar i ungdomsklubb og skular, besteforeldre kan lage kveldsmat til barn på aktivitet m.m.
- Eldre som ressurs for kulturlivet elles.
- Foredrag på eller utanfor institusjonar med kjente tema som foto frå natur, fjord og fjøre, historiske miljø osb
- Kulturelle aktivitetar og arrangement i løpet av eit år på kommunale dagtilbod og bueiningar. Døme: hobbyaktivitetar, hyggekveldar, kulturskulelevar, «syng med oss» etc.
- Musikk under måltid kan gi betre matro.
- Skrivekurs for eldre (<https://www.nsf.no/nyhet/1166603/poesien-i-de-siste-tankene>)
- Seniortrim og turar i nærområdet.
- Seniortrening på treningsenter.

Mål 4.3: Barnehagar, skular og eldre – ressurs for kvarandre.

Tiltak:

- Barnehagane og skulane er ein ressurs for eldre. Samarbeid.
- Eldre som «gjestelærar» i barnehagar, skular og SFO.
- Møte mellom generasjonar. Vurdere kva kan gi og hente på samarbeid overfor dei som bur i bueiningar og på institusjonar, men også overfor andre eldre. T.d. eldre fortel til unge, handverkstradisjonar, lokalhistorie m.m.

5) Formidling: bibliotek, digitale medie, litterarock m.m.

Mål 5.1: Giske X Giske folkebibliotek skal utviklast til ein møteplass for litteratur, kultur og debatt.

Tiltak:

- X – nytt konsept for moderne attraktivt folkebibliotek lokalisert med nye moderne lokale for formidling og debatt. Gjerne saman med svømmehall, kafé og scene attraktiv møteplass som bygg opp under arbeid med sentrumsutvikling på Valderøya m.m.
- Fagleg utvikling og kompetanseheving.
- Utvida opningstider ved å gi tilgang utover dagens som er betent med personell. Krev m.a. bygningsmessige tilpassingar.
- Digitale tenester: eBok, e-lydbok, Facebook, nettside.
- Kulturarrangement, t.d. «Den kulturelle spaserstokken».
- «Leseombod» på alle institusjonane.
- «Litteraturdagane i Giske» med ulikt fokus: austeuropéisk, afrikansk, krim, nynorsk osb.

Mål 5.2: Barn og ungdom i Giske skal bli gode lesarar.

Tiltak:

- Barn og unge prioritert brukargruppe.
- 50 %-stilling (ny) som litteraturformidlar for barn og unge.
- Bibliotekfagleg samarbeid med skulane.
- Bøker, tidsskrift o.l. bør vere lett tilgjengelege på kulturskulen for dei som ventar på kulturskuleundervising.
- Sommarles-konkurransar og andre lesestimulerande tiltak.
- «Bokkasser» i alle barnehagane og på offentlege kontor: barn, barnehagar og foreldre får lett tilgang til aktuelle og gode bøker.

Mål 5.3: Utvikle løysingar for digital kommunikasjon og interaksjon.

Tiltak:

- Søknadsskjema kulturmídlar skal evaluerast med mål om mest mogleg digital søknads- og saksbehandling.
- Museums- og kulturminneplanen www.kulturminne.co.no skal gjerast meir interaktiv / søkbar.
- Aktiv bruk av kommunal heimeside og Facebook-side.
- Digital og fysisk informasjon om infrastruktur som parkering, turstiar, wc etc, ref kap 8 friluftsliv.
- Teknologiske nyvinningar må takast i bruk.

6) Kunst og kultur. Reiseliv og næring

Ref. kommunen sin strategiske næringsplan. Statistikk fortel at kulturbaserte aktivitetar og kulturbasert nærings- / reiseliv utgjer stadig større del av BNP (brutto nasjonalprodukt). Etableringa av det kreative miljøet «Øygardshamna» i regi av Momentum AS og fylkeskulturavdelinga sitt arbeid med kreative næringar er viktige satsingar seinaste tida.

Samanhengen mellom tradisjonell industri, næringsgreiner og lokal kultur kan vere vanskeleg å sjå. Likevel viser det seg ofte at lokale bedrifter gjerne deltek og nyttar kulturaspektet og identitet gjennom bruk av lokal kunst, korteist mat, lokale spisestadar, innkjøp av bilete til eigne bedrifter, i eigen marknadsføring og reklame osb. Dette gir ein vinn-vinn-situasjon både for kulturnæringane og for bedriftene og dei tilsette sin eigenidentitet.

Mål 6.1: Giske kommune skal spele på lag med dei mange profesjonelle aktørane som er etablerte i kommunen.

Tiltak:

- Kommunale innkjøp av kunst til eigne bygg. Etablere prinsipp om at 0,5 % av entrepriserkostnad ved nybygging og renovering av kommunale / offentlege bygg og uteom skal bli øyremarka kunstnarisk utsmykking.
- Kunst på fellesrom i alle institusjonar og bueiningar, gjerne kunstnarar med tilhøyre til Giske kommune.
- Kartlegge / dokumentere kunst som er tilgjengeleg i ulike offentlege / kommunale rom i Giske kommune som institusjonar, kyrkjer, rådhus, skular.
- Felles atelier og utstillingslokale for nettverksbygging og samhandling mellom lokale kunstnarar, t.d. i tomme offentlege bygg / gamle Skjønghabarneskule. Dette vil stimulere synergier, synleggjere kunstnarane, gjere det lettare å halde arrangement, kunstnaren som samfunnsaktør blir lettare å kjenne att. Stipend for å vere vertsskap for gjestande kunstnar? Vurdere i samanheng med nytt bibliotek og bygg for kulturlivet, ref 7.
- Skape «Giske-identitet» ved bruk av kreative næringar i profilering og i kommunal utvikling (foredrag, planlegging m.m.).
- Formidle kontakt med lokalt HoppID-kontor, Innovasjon Norge m.fl.
- «Sommerfesten på Giske»: kommunalt tilskott.
- Giskepelet: kommunalt tilskott.
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre: medlemsskap.
- Giske reiselivsforum: medlemsskap, tilskott.
- Historia og kulturminna med Arnungane, Gange-Rolv, Giske kyrkje og gravhaugane er viktig basis for besøk.
- Ulike attraktivitetar som Alnes fyr.
- Tømestasjon for bobilar, Ytterland eller Skjøngholmen.
- Fuglekiking:
 - Friluftshus å la friluftshuset på Orre (Jæren) med utsikts- / fototårn, parkering etc. Føreset samarbeid med andre partar i høve utvikling, drift og vedlikehald.
 - «Hot-spots»: sjå fugleliv med tårn, fotoskjul, skilt etc.

7) Fysiske og materielle rammer

Mål 7.1: Giske kommune skal ha gode, varierte og trygge bummiljø med

- attraktive møteplassar
- gode leikeareal, friområde og helsestiar
- kulturmiljø, -landskap og kulturminne
- gode ferdsselsårer slik at flest mogleg kan gå eller sykle til / frå daglege aktivitetar og fritidssyslar.

Tiltak:

- Kommunen bør ha felles retningslinjer for estetikk og miljø, t.d. ved å bygge vidare på «Innfallsporten til Sunnmøre», ref kap 8.
- Estetisk kunstnarisk utforming av offentlege rom.
- Definere kva kulturminne og -miljø ein skal og bør ta vare på.
- Transportreiser under 3 km bør skje til føts eller sykkel. Føreset eit heilsakeleg nett med turstiar /-løyper og gang- og sykkelstiar, ev også med nedsett fart på enkelte strekningar.
- Kvalitetssikre og vidareføre «Norm for leikeplass og friområde».
- Vurdere ordning for trygg drift / forvaltning av dei mange offentlege leikeplassane som er eigde / drivne av private og offentlege aktørar. Ordning for godkjenning og tilsyn.
- Felles møteplass for heile kommunen sentralt på Valderøya, ref t.d. ønske om samlokalisering av kommunale «kulturinstitusjonar» og felles øvingslokale for lag og org.

- Utvikle sosiale møtestadar i bu- og nærområda og i handelsareala.
 - Møteplass for eldre på Alnes (innspel ungdomsseminar).
 - Møteplass for ungdom på Godøya (innspel ungdomsseminar).

Mål 7.2: Stimulere til meir samarbeid og heilskapeleg tilbod i kultursektoren ved å samlokalisere kommunale «institusjonar» og aktørar frå kulturlivet i t.d. eit sambrukshus for kulturlivet.

Tiltak:

- Vurdere saman med kunstatelier.
- Felles øvingslokale og lagerrom for instrument og utstyr for lag og organisasjonar på tvers av generasjonar, ope for alle genre innan song og musikk.
- Lokale for ungdom der dei får stimulere sin kreativitet og sine skaparevne, gjerne samlokalisert med andre grupper. Lokala må vere attraktive for ungdommen å bruke.
- Lokalisering bør skje nært «kulturscena» på Giske kulturskule og Valderøy barneskule. Dette vil stimulere etablert miljø og kan vere viktig infrastrukturtiltak i arbeidet med etablering av eit sentrum i Giske kommune. Kan ein realisere dette som ei pakkeløysing, t.d. saman med næringslivet etter modell frå Ulsteinvik (leilegheiter og / eller næringsareal i bygget saman med offentlege funksjonar)?

Mål 7.3: Giske kommune vil gi namn på stader, vegar, geografiske punkt / område m.m. i samsvar med lov om stadnamn slik at vi til ei kvar tid er oppdaterte på Adresseendringar og nye adresser.

Tiltak:

- 40 % stilling for namnekonsulenten i inntil 2 år (10 % pr 2015) for å bli mest muleg ajour.

8) Friluftsliv og rekreasjon

Utfordringar i Giske kommune:

- Potensiale for meir bruk av naturen, men mange stadar utfordringar med därleg tilrettelagt og med mangelfull infrastruktur som:
 - turar og turmål må sikrast og leggast til rette
 - tilkomst til fjell og fjøre
 - p-plassar, skilting
 - søppelhandtering og wc på badeplassar / stadar der folk oppheld seg over tid.
 - Helseløype på kvar øy som er utforma slik at folk flest kan bruke dei.
- Fleire utandørsaktivitetar – gjennom heile året.
- Bevare strandsone, fjell og kulturlandskap.
- Kartlegge friluftsområda og sikre utvalde område.
- Utvikling og drift av turområde.
- Jaktområde er lite regulert, og under press.

Mål 8: Giske kommune vil leggje til rette for aktiv bruk av naturen vår.

Tiltak:

- Resultat frå kartlegging og verdisetting av område og stadar brukt til friluftsliv skal danne grunnlag for prioritering av vidare arbeid med tilrettelegging og sikring for meir friluftsliv. Område utsett for nedbygging bør sikrast først, primært gjennom erverv (gir meir permanent vern).

- Sikre tilkomst til fjell og fjøre frå buområda og der folk ferdast, samt til sjøen med båt, til fots m.m.
 - Tilrettelegge for meir friluftsliv ved å sikre mangfaldet av interesser: båt, rørslehemma, sykkel m.m.
- Konklusjonar / tilrådingar frå kartlegginga må innarbeidast i kulturplanen ved seinare rulleringar.
- Sikre grøne korridorar inn mot og mellom frilufts-, leik- og turområde.
- Direktorat for naturforvaltning har ordning med tilskott til sikring (erverv / bruk) av attraktive friområde. Kan også søkje støtte til juridisk bistand, parkering, skilting, toalett, forvaltning / drift av områda. Må vurderast i eiga politisk sak.
- Blimssanden, Gjerdesanden, Hustruhamna og Sandvika (Alnes) skal sikrast for vidare offentleg bruk, ref samfunnsplanen. Dette kan skje gjennom planverktøy, erverv av grunn eller bruksavtale.
- Politisk sak ang meir permanent og føreseieleg ordning for tilkomst til og parkering ved mykje brukte badeplassar, frilufts- og utfartsområde. Ordning med avfallshandtering og wc bør etablerast samstundes. Aktuelle område kan vere Blimssanden, Brimneset, Makkevika, Gjerdesanden, Roaldsanden, Sandvika (Alnes), Sætredalen, Valdervoll (innfallsporten til m.a. Hustruhamna og «Utom fjellet») og / eller Vindsneset.
 - Avfallshandtering, t.d.: Alnes (hamneområdet, Sandvika og Vindsneset – innspel folkemøte Godøya 13.04.15), Blimssanden (Friluftsrådet har ansvar), Gjerdesanden på Giske, Roald sentrum (Klokkarbakken leikeplass og Budafjellet leikeplass, stranda i Sandvika – innspel frå Roald velforening), Valdervoll og Øydgardssanden.
 - WC, t.d. på Gjerdesanden / Giske, Sandvika og Vindsneset.
 - Svært viktig at ein parallelt får midlar til drift, reinhald og oppsamling av avfall på områda.
- Kulturadministrasjonen skal utgreie alternativ med etablering av meir permanent parkeringsløysing, og vurdere ev kjøp av området ved Gjerdesanden.
- Universelt utforma badeplass i kommunen tilpassa slik at alle grupper personar kan ta seg ned på sanden / i fjøra og ut i sjøen. Avfallshandtering, wc o.l. bør etablerast her.
- Demmaområdet. Utvikle som samlingsstad – og med tilkomst til Valderøyfjellet.
- Aktivt arbeid med friluftsliv og kulturminne gjennom utviding av stillinga til kulturkonsulenten og samarbeid med NAV (arbeidspraksis) og teknisk uteseksjon.
- Jaktområde er under press og må regulerast gjennom arealplan.
- Kommunen kan gi tilskott, tips til praktisk arbeid og tips om aktuelle finansieringsinstitusjonar.
- Samarbeid med lokale partar (grunneigarar, lag / organisasjoner).
- Grunneigaravtalar for viktige friluftsområde der allemannsretten ikkje gjeld.
- Opprette friluftsforum der ulike administrative einingar og Friluftsrådet kan vere med. Mandat og samansetnad må avklarast nærmare. Målet er å koordinere kommunen sitt arbeid med friluftslivet slik at ein gjennom t.d. planar og tiltak finn gode totalløysingar på utfordringane.
- Friluftsrådet for Ålesund og omland (medlemsskap). Møte med kommunestyre / organ for friluftssaker minst kvar valperiode.
- StikkUT! / Friluftsrådet for Ålesund og omland, www.morotur.no
- Samarbeid med Ålesund – Sunnmøre turistforening.
- Kultur med ansvar for informasjon om og skilting til turstiar, kulturminne. Skilting til andre føremål som parkering, wc etc må skje i samarbeid med andre. Likevel viktig med heilsakelege løysingar. Skilting i samsvar med standard etablert av m.a. Den Norske Turistforening og Innovasjon Norge. Ref kap 7.
 - Godøya (innspel folkemøte Godøya 13.04.15):
 - «Velkommen til Alnes», plasserast ved tunnelopninga på Vindsneset.
 - «Velkommen til Godøya», ved tunnelopninga Valkvæ.
- Utandørs aktivitetar som geocaching, kultur- og naturperler.

- Offentleg utandørs samlingsstad på kvar øy som legg til rette for samlingar som konsertar, jonsok, allsang, bading, grilling – jf Giske amfi.
- Kolvikparken leggjast til rette for tur / rekreasjon med benkar og bord, for rullator / rullestol. Utarbeide vedlikehaldsplan.
- Sikre tilkomst frå busetnadjar og ut i naturen i heile kommunen, ref arealplan.
- Oppgradering av tilkomstvegen ned til Blimssanden.
- Turstiar / gangvegar knytt til institusjonar og omsorgsbustadar med ulike aktivitetsapparat for å stimulere til meir fysisk aktivitet for dei eldre.
- «Sansepunkt» langs turstiar. «Sansepunkt» for eldre (etter inspirasjon frå sansehagar) nært institusjonane.
- Skjongholmen: store delar av holmen er regulert som friområde med parkering og fiskeplass med universell utforming. Bør utarbeide plan for vidare utvikling, bruk og drift av holmen.
- Sykkelstiar:
 - Frå Sørestrandvegen, langs gjerdet til flyplassen, til Blindheim.
 - Skjongholmen – Giske og Valderøyfjellet.
- Turveg Skjøngholmen – Skjøngholmen – Valderøy barneskule. Ev. lyssetting må skje skånsomt.
- Valderøy barneskule: park i vestre del av uteområdet?
- Utarbeide vandre- / turkart på minst 3 språk for alle øyane.
- Valderøya: tursti langs fjellfoten for å sikre tursti rundt heile øya. Kople til eksisterande trasear der det er muleg.
- Verneområda i Giske (samarbeid med Fylkesmannen):
 - Informasjon om ferdsel og opphold.
 - Roaldsand: tilrettelegging for opphold.
 - Rørvikvatnet: utkikkstårn.

Behov for tilrettelegging, anlegg og område for friluftsliv, innspel frå eksterne partar

- Budafjellet med bunkersar: informasjon, skilting og bevaring av dette spennande området. «Burse være mulig, med kommunale innspill, å få til et samarbeid med andre aktuelle lag (turistforeningen, Lions etc.)» (Innspel Roald velforening.)
- Gang- og sykkelvegar – ei generell utfordring. Viktig med til slike vegar til og frå ulike samlingsstadar som badeplassar, friluftsområde / turstiar, idrettsanlegg, uformelle møtestadar m.m.
- Park på Oksneset og Skjøngholmen (ungdom)
- Terrengsykkelloyper på Valderøyfjellet. (Nils Berget.)
- Tursti frå Windsneset og opp på Alnesfjellet via vassbehandlingsanlegget (Innspel Alnes vel).
- Turstiar rundt Giskeøya der dette er muleg, ref arealplan. (Giske nærmiljøutval.) Turstiar, tilgang til tur- / friområde på fjell og i fjøre: parkering, skilting, wc.
- Turstiar, tilgang til friområde og badeplassar på Giske. I regi av Giske IL eller annan lokal aktør?
- Tursti mellom Rota stadion og Sandvika. Mange funksjonsfriske brukar denne strekninga i dag, men det ville opna for mange fleire grupperingar om stien var utbetra slik at den kunne gi tilgang til område for barnevogner, rullatorar og rullestolbrukarar. (Innspel Roald velforening.)
- Turveg på ytste Molnes, frå parkeringsplass og ut i Molnesfjøra og Molnesfjellet. (Innspel grunneigarar.)

9) Idrett og spelemidlar

Giske kommune har mottatte slike innspel:

- Flytande trampoline utanfor Giske om sommaren (innspel ungdomsseminar).
- Fotballhall på Valderøya (merknad: innspel ungdomsrådet).
- Giske gokart-klubb: bane, klubhus med sanitæreranlegg, møtelokale, anlegg for vedlikehald, anlegg for «dyrkning» av motorsport, parkering m.m. Kombinasjonsbruk med rc- / modellbilar og modellfly.
- Giske golfklubb: permanent løysing for 9 hols golfbane, anten ei større bane eller mindre nærmiljøanlegg (6 hol, inntil 250 m lengd pr hol). Treng nødvendige fasilitetar som klubhus.
- Giske hestesportsklubb, Vigra:
 - permanent tilhaldsstad i Rørvikmyrane nært crossbana.
 - ridehall med stall, tun, luftegardar, ridebane, parkering m.m.
 - ridesti på Synesfjellet og generelt andre stadar på Vigra.
- Giske IL:
 - Kjøp av areal rundt Giske stadion, til parkering og framtidig aktivitet.
 - Klubbhuset: nytt tak og ev. påbygg treningsfasilitetar / styrkerom.
 - Lagerbygg ved Nestun: til traktor, merkeutstyr m.m.
 - Lagerbygg ved ballflata på Giske skule med bod, garasje, takoverbygg.
 - Nestun: bygg og brygge for sjøaktivitetar.
 - Skulen / Giske oppvekstsenter: leikeapparat / skatepark / sykkelenbane, div aktivitetsanlegg. Samarbeid med kommunen?
- Giske jeger- og fiskeforening:
 - Feltbane for jakt. Fellesprosjekt med Haram, Sula og Ålesund.
 - Steinuttak Sætra og Blindheimsvatnet: Kartlegging. Ev. etablering av friluftsområde. M.a. ferskvann med utsetting av fiskeyngel, etablering av fiskemuleheiter, gapahuk, benkar, tursti, foto-zafari av fuglar etc.
- Giske kommune:
 - Alnes skule: uteområde.
 - Giske kommunale idrettshall: generell renovering og rehabilitering av sportsgolv.
 - Giske skule: gymsal.
 - Godøy skule: uteområde.
 - Svømmehall / -basseng på Valderøya.
 - Svømmebasseng: oppgradering av Vigra og Godøya.
 - Valderøy barneskule: nærmiljøanlegg / uteområde ved nyeskulen.
 - Valderøy ungdomsskule: renovere gymsal med nytt scenegolv og ventilasjon.
 - Vigra barnehage: uteområde / nærmiljøanlegg.
 - Vigra skule: uteområde / nærmiljøanlegg.
 - Vigrahallen: 2. etg., oppmerking badminton, skiljeveggar handballdelen, utandørs skilt.
- Giske motorsportsklubb: klubbanlegg med tilhøyrande fasilitetar.
- Giske seilforening & Ålesund seilforening: segl- og sjøsportssenter på sjø og land. Klubbhus med møterom, kjøkken, lager, garderobar med dusj og sanitær.
- Go-cart bane på Godøya og Valderøya (innspel ungdomsseminar).
- Godøy IL:
 - Turstiar, m.a. Juv – Alnestunnel
 - Rehabilitering av Godøyhallen?
- Idrettshall (ny og større) på Giske (innspel ungdomsseminar).
- IL Valder:
 - Aktivitetsflater med ulikt underlag

- Fleir brukshall
 - Fleire mindre ballflater
 - Gang/turstien bak fjellet bør etableres som tursti med mest mogleg universell utforming
 - Klatreelement
 - Kunstgrasbaner for 7er- og 11er fotball: rehabilitering.
 - Lagerbygg ved friidrettsanlegget på Valdervoll.
 - Plass for ulike sykkelsaktivitetar
 - Skate-element
 - Utstyrshus / lager
- Klatreanlegg, Vasstranda i Spjelkavik (Ålesund) i regi av m.a. Spjelkavik IL og Møre og Romsdal fylkeskommune (vgs). Interkommunalt anlegg i samarbeid med minst 3 kommunar gir større utbetaling frå spelemidlane. (Ref orientering i e-post frå Idar Rotnes, Ålesund kommune, 24.03.15.)
- Pakkeløysing med fleire interkommunale anlegg, t.d. klatring, (pistol)skyting, motorsport (sykkel).
 - Alternativt innandørs klatrevegg i Giske – som eit supplement til den som er på Valderøy barneskule.
- Områder som lett kan isleggast under kuldeperioder på vinteren.
- Paintballbane Valderøya eller Godøya (inngespel ungdomsseminar)
- Roald velforening: pr dato ingen tilbod til større barn / unge på Roald. Velforeininga ønskjer difor etablere attraktiv treffplass for større med skaterampe og nokre fleire element, benkar og bord. I dialog med utbyggjar av «Sandvika» om etablering i «øve leiekeområde» i det feltet. Dette området vil ligge sentralt på Roald, dei ønskjer difor at det «gangveg mellom Molnes byggefelt og Budafjellvegen snart kommer på prioriteringslisten til kommunen».
- Skjongholmen – Giske: tursti.
- Segleanlegg – mellom Hustruhamna og Ytterlandsvika? – inngespel frå Ålesund seilforening. Dette området er mest aktuelt pr dato pga naturleg gode tilhøve for segling som sentralt plassert, med utvidingsmulegheiter. Behov for tilkomstveg, molo / marina / slipp, klubbhus med lokale for t.d. møte, kjøkken, lager og garderobeanlegg med dusj og sanitær.
Dette må vurderast opp mot Giske idrettsråd sin idé om «Staurneset sjøsport»: tilrettelegging for ulike sjørelaterte aktivitetar som bading, friluftsliv, segling, kiting, surfing osb. Gjerne med fasilitetar som parkering, offentleg dusj, wc og avfallshandtering. Kan søkje spelemedlar til båthus, klubbhus, flytebryggje og utsetjingsrampe for kajakk, roing, segling.
- Sunnmøre mikroflyklubb?: etablering av flyhangar for vedlikehald, planlegging, skoling, oppbevaring?
- Svømmehall på Valderøya (inngespel ungdomsseminar).
- Trampoline- og turnhall på Godøya eller Valderøya (inngespel ungdomsseminar).
- Tumbling / parkour / freerunning på Valderøya (inngespel ungdomsrådet.)
- Vigra, Synnes: mulege aktivitetsflater ved Vigra kringkastar
- Vigra IL:
- Ballbinge Synnes (lagt på grusbana)
 - Kunstgrasbane 11er med belysning, Rota
 - Rehabilitering av klubbhus og anlegg på Rota, t.d. garderobar.
 - Vidareutvikle området rundt klubben sitt anlegg på Rota, t.d. ballbinge / -område, lager, område for eigenorganisert aktivitet, parkering m.m.
- Vigra Valderøy Pistolklubb: ønsker å utvide pistolbana i Giske kommunale idrettshall.
- Volleyballbane (inngespel ungdomsseminar)
- Ålesund og Giske kiteklubb: verstasjon ved Vigra skule / Vigrahallen.

10) Museum og kulturminne

Kommunen har eigen plan for museum og kulturminne. Denne finn de på www.kulturminne.co.no

Mål 10.1: Gjennom prioritering av ressursbruk skal ein sikre ei berekraftig forvaltning av kommunale eigedomar med kulturell og kulturhistorisk interesse.

Tiltak:

- Definere kva kulturminne og -miljø ein skal og bør ta vare på.
- Utvikle skjøtsels- og vedlikehaldsplanar for fleire kulturminne.
- Kultur ønskjer å få kome med innspel til eigedomsavdelinga si vurdering av framtida til kommunale eigedomar, og å få bidra med faglege råd i forvaltninga.

2) Status og utfordringar

Punkta nedanfor er ulike personlege vurderinger / påstandar framsett under folkemøte i samband med ny samfunnsplan for kommunen og i møte internt i eining for miljø og kultur.

Status – generelt:

- Attraktiv bukommune, sterkt vekst.
- Godt tenestetilbod.
- God infrastruktur med korte avstandar internt og til bysentrum.
- Høg aktivitet på bustadbygging, meir konsentrert busetnad.
- Innbyggjarane i Giske og i regionen er svært villig til å pendle for å "nå tak i" gode kulturopplevelingar.
- Mange pendlar ut av kommunen til jobb.
- Mykje interkommunalt samarbeid.
- Mykje verna areal.
- Næringsliv: fiskeri/marin og landbruk, regionen sin største flyplass.
- Svak økonomi. Høg gjeld og låge inntekter.
- Svært ung befolkning.
- Tette relasjonar. Mange kjenner mange.
- Ungdommen i Giske samanlikna med 6 andre kommunar på Sunnmøre:
 - brukar både mindre alkohol, narkotika, snus og tobakk enn fylkes- og landsgjennomsnittet.
 - er godt nøgd med foreldra og lokalmiljøet.
 - er veldig aktive i regi av religiøs foreining.
- 60 nasjonar er representerte med ca 850 innbyggjarar i Giske kommune pr juni 2015. Dette utgjer 10,6 % av alle innbyggjarane.

Status – kultur:

- Aukande aktivitet.
- Biblioteket ligg for bortgøynt og lite tilgjengeleg for andre enn dei som bur på Valderøya.

- Friluftsliv:
 - Mange gode turmål.
- Frivilligsentralen:
 - Aktiv innanfor stor breidde
 - Kjenner til mykje av det som skjer
- Idrett:
 - God samhandling mellom idretten / idrettsråd og kommune
 - God anleggsdekning for:
 - fotball, handball, friidrett
 - bra innandørs kapasitet med 3 idrettshallar, klubbhus
 - Golf, midlartidig anlegg
 - Idrettens samfunnsrekneskap stipulerer den frivillige innsatsen i Giske kommune til å representere ei verdiskaping på 17,4 millionar kroner i 2014.
 - Idrettslaget er «integratorar» av innflyttarar.
 - 31 % av innbyggjarane er medlem i ein lokal idrettsorganisasjon.
 - Mange lag har kompetente trenarar og leiarar.
- 3 kommunale svømmebasseng, men drift føreset dispensasjon.
- «Kulturygg»: moderne «kulturygg» på Valderøy barneskule.
- Kulturskulen har:
 - Fagleg styrke
 - Mangfaldig tilbod
 - Moderne funksjonelt skulebygg
- Mykje frivillig arbeid. Dei mange eldsjelene i lag og organisasjonar utgjer ryggrada i kulturlivet.
- Rikt idretts- og kulturliv:
 - Bading, friluftsliv, golf, hest, idrett, kiting, klatring, kor, korps, motorsport, musikk, segling, surfing m.m.).
 - Bra tilbod innanfor «smalare» idrettar.
 - Mange profesjonelle aktørar og ressursar innan kreative yrke.
 - Alnes fyr
 - Giske spelet
 - Kunstradar: 12 – 15 % av medlemmane i Bildende kunstnere Møre og Romsdal er busette i kommunen.
 - Musikarar: jazz, klassisk, pop, tekno
 - Øygardshamna: Momentum, Tikkio, Lyd- og lyspartnar m.fl.
- Tendensar til meir profesionalisering av kulturlivet.
- Tilskottsportalen fungerer.

Utfordringar (mulegheiter, forbetringspotensiale) – generelt:

- Arealforvaltninga frå kommune / planmynde.
- Barnehage / skule «krev» meir frivilligheit.
- Behov for investeringar i teknisk og sosial infrastruktur.
- Digitale hjelpemiddel og digitalisering av tenester.
- Fleire nasjonar med ulike kulturar i Giske.
- Giske kommune sin plass i ålesundsregionen og på Sunnmøre.
- Innbyggjarar:
 - Eldrebølgje.
 - Høg befolkningsvekst (mindre tette band, rakinande relasjonar).
- Kollektivtilbod.

- Kommuneorganisasjonen:
 - Ikkje eintydige bestillingar og mål frå toppleiing og ned til fagområda.
 - IT-systemet må fungere.
 - Samhandling og samarbeid internt kan bli betre.
- Kommunereform – sentralisering av viktige funksjonar.
- Møteplassar.
- Samferdsel, stor biltrafikk og for dårlig kollektivtilbod.
- Sentrumsutvikling, utvikling av gode møteplassar.
- Ung befolkning (høg andel barn og unge).
- Ung Data-undersøkinga (2013) hos ungdomsskuleelevar viser at ungdom i Giske:
 - har færre nære vennar enn landsgjennomsnittet. Relativt få elevar har minst ein venn som dei kan stole fullstendig på og kan tru seg til om alt.
 - er mindre aktive i fritidsorganisasjonar enn landsgjennomsnittet.
 - spelar meir data enn landsgjennomsnittet
- Nasjonalt viser trendane at ungdom slit psykisk.
- Ung på Sunnmøre (2013) – rapportar frå Møreforsking og Høgskulen i Volda – har informasjon frå elevar frå 8. klasse og t.o.m. første på vidaregåande frå 7 kommunar (Giske, Hareid, Herøy, Sande, Vanylven, Volda og Ørsta). Desse viser at:
 - jentene har klart dårligare livskvalitet enn gutane.
 - ungdommen frå Giske er mindre aktiv enn gjennomsnittet innan:
 - medlemsskap i foreining
 - deltaking på aktivitet i regi av idrettslag
 - fritidsklubb / ungdomshus
 - overnatting i telt ute
 - padle kano / kajakk
 - klatring / utandørs klatring
 - bruke lokale turstiar
 - terrengsykling eller stisykling
 - turkassetrim
 - kulturskule (KOSTRA-tala viser dog at aktiviteten for barn i 7. klasse og under i Giske er relativt høg)
 - Giskeelevarane har eit mindre tillitsfullt forhold til foreldra sine enn i dei andre kommunane. Samstundes har mange ungdommar i Giske konkrete avtalar med foreldra om når dei skal kome heim om kvelden.
 - Færrest elevar i Giske svarer at dei har minst ein venn som dei kan stole fullstendig på og kan tru seg til om alt.
 - For fritidsaktivitetar så er ungdom frå Giske mindre aktiv enn gjennomsnittet innan:
 - medlemsskap i foreining
 - deltaking på aktivitet i regi av idrettslag
 - fritidsklubb / ungdomshus
 - kulturskule (KOSTRA-tala viser at aktiviteten for barn i 7. klasse og under i Giske er relativt høg)
 - men ungdom frå Giske er mest aktive i regi av religiøs foreining.
- Utvikling av eit allsidig næringsliv, inkl. kulturbasert næring.
- Vidareutvikle kommunalt tenestetilbod.
- Fylkesstatistikken i 2014 viser at det er over 27.000 innvandrarar i fylket. Det vart over 2.300 fleire innvandrarar i fylket berre i 2013. Fylket er avhengig av denne innvandringa. Nær halvparten av dei som flytta til Møre og Romsdal kom frå utlandet. Men det er store skilnadar mellom kommunane. I Giske viser tala frå juni 2015 at folk frå 61 nasjonar er busette i Giske. I Giske er det Litauen, Polen, Latvia, Eritrea og Tyskland som er dei fem dominante

innvandrarnasjonane. Det er sjølvsagt store invididuelle forskjellar mellom alle nasjonane og internt innan kvar nasjon.

- Mange har kome for arbeid eller for familie og kjærleik, nokon for å flykte frå krig, konfliktar og fattigdom, andre for utdanning. Innvandrarane er kanskje den mest samansette grupperinga i samfunnet som vi likevel ofte behandler som ei eining.
- Nye landsmenn og –kvinner er ikkje vande med den norske «dugnadskulturen». Dugnad er personleg innsats til fellesskapets beste. Gjennom dugnad blir du involvert i lokalsamfunnet du bur, du blir betre kjend med folk, naboane dine og foreldre til vennane til barna dine m.m. Dugnad er føresetnad for «dei gode giskesamfunna».

Utfordringar (mulegheiter, forbettingspotensiale) – kultur:

- Utvikle ei breidde og eit mangfold i kulturpolitikken / -tilboda i Giske.
- Giske kommune har behov for nytt lokale til biblioteket, ref t.d. lite tilgjengeleg, umoderne bygg, biblioteket som debattarena. Realiserast gjerne nært kulturskulen, t.d. ved ei samlokalisering med ny svømmehall på Valderøya? Fordelar ved samlokalisering av frivilligsentralen og kulturkontoret for å styrke samarbeidet med og rammevilkåra til kulturlivet: felles lokale og møteplass, lokala disponible større delar av døgnet, lette logistikken, synergiar m.m.
- Informasjon må digitaliserast, og koordinerast betre på tvers av fag og kommune – kulturliv.
- Kulturlivet:
 - Eldsjelene blir færre, mange ikkje involvert i dugnad. Nokre eldsjeler gjer svært mykje.
 - Forplikting til større prosjekt er vanskeleg.
 - Utfordring å få folk med i styra og å sikre langtidsplanlegging. Leiarar og leiing over tid er mangelvare.
- Lettare å få folk til å bidra «no og då».
- «Tidsklemma». Mor og far er ute i arbeid. Barnehage / skule «krev» meir frivillighet.
- Strengare lovkrav i t.d. Plan- og bygningslov vanskeleggjer dugnad og krev meir profesjonalisering av kulturlivet. Her bør kommunen unngå unødige reglar og krav i høve dokumentering og rapportering.
- Eigenandel for medlemmar aukar. Vanskeleg å få tilstrekkeleg med midlar frå offentlege og private «sponsorar».
- Potensiale for meir samhandling mellom frivillige / kulturliv og offentleg, men det meldast at dette ofte skjer ofte på det offentlege sine premissar og at «stammespråk» vanskeleggjer samhandling.
- Frivilligsentralen har mange aktive frå Valderøya, men mange færre på dei andre øyane.
- 62 nasjonar i Giske, fleire med ulike kulturar. Dugnad er eit ukjent begrep for mange nye landsmenn.
- Interkommunalt samarbeid.

Utfordringar idrett:

- Behov for kompetanseheving for trenarar og leiarar. Kor godt er tilbodet til dei som vil bli trenar / leiar.
- Fleire anlegg står tomme
- Område til segling og sjøsport
- Golf har midlartidig anlegg
- Sikre areal for framtidig aktivitet

- 3 kommunale svømmebasseng. Giske føreset dispensasjon. Godøy tekniske utfordringar. Vigra i bruk, er godkjent for inntil 15 badande i timen. Alle bassenga treng etter kvart større renoveringstiltak om dei skal driftast vidare.

3) Rapportar / empiriske undersøkingar om folkehelse

Oversikt over **folkehelsa i Møre og Romsdal** pr 2015, utarbeidd av fylkeskommunen. Her t.d. nemnt at gjennom kartlegging og verdsetting av friluftsområde kan ein legge opp til sikring av verdifulle område til allsidig friluftsliv. Dei tre største byane saman med Surnadal har mest statleg sikra areal. Til saman seks kommunar har ikkje statleg sikra område (Vanylven, Sande, Norddal, Giske, Sandøy, Smøla). Med unntak av Giske er dette distriktskommunar med mindre press på friluftsområde. Mange konkrete område er likevel «sikra» ved at dei er avsett til friluftsområde, friområde eller liknande i kommuneplaner eller reguleringsplaner.

Folkehelseprofil for Giske, 2015 viser at vi på svært mange indikatorar ligg betre an enn landsgjennomsnittet. Det kan også sjå ut til at vi jamt ligg over fylkesgjennomsnittet.

«Samfunnsutvikling for god folkehelse. Rapport om status og råd for videreutvikling av folkehelsearbeidet i Norge». Helsedirektoratet seier her m.a. at:

- Kjensle av trygghet og meistering, sosial inkludering og identifisering med nærmiljøet er viktige faktorar for deltaking i nærmiljøet.
- Eit nærmiljø som legg til rette for sosiale møteplassar som stimulerer kvardagsleg kontakt, kan påvirke psykisk helse positivt. Dømer viser at rask befolkningsauke og fortetting fører til ein reduksjon av rekreasjonsareal og nærturterrengr.
- Likeverdige tenester og å sikre likeverdig deltaking på samfunnsarenaar som barnehage, skule, arbeid og kultur / fritid, er avgjerande for å utvikle tiltak som er tilpassa mangfaldet av innbyggjarar.

Evaluering av **kompetanseprogrammet «folkehelse og nærmiljøkvaliteter»** i fylkeskommunane Aust-Agder, Vest-Agder, Hordaland, Nordland og Finnmark seier at tilgang til natur, lag og organisasjonar og sosiale møteplassar er dei viktigaste faktorane som fremjar folkehelse. Den største faktoren som hemmar folkehelse er mangel på sosiale møtestadar.

4) Overordna føringar i Giske kommune

Samfunnsplan 2014 – 2026, godkjent i møte 30.09.14, ref K-sak 060/14. «Samspel-kommunen Giske».

Giske kommune vil bli den gode samspelkommunen der eige ansvar, frivillig innsats og profesjonelle tenester spelar på lag på nye og kreative måtar. Samspel mellom ulike aktørar kan gje synergiverknadar som det ikkje er råd å oppnå kvar for seg og føre til meir effektiv bruk av dei ressursane ein har tilgjengelege.

Visjon og verdigrunnlag for Giske kommune

Samspel mellom ulike aktørar må tuftast på visjonen og verdigrunnlaget for det daglege arbeidet i kommuneorganisasjonen: Giske kommune – ein engasjert medspelar. Verdiane er:

- RESPEKT – gjennom å vere imøtekommende, involverande og påliteleg
- ENGASJEMENT – gjennom arbeidsglede, meiningsfylte oppgåver og trivsel
- LØYSINGSVILJE – gjennom handlekraft, heilsakeleg tenking og kreativitet
- KVALITET – gjennom klar kommunikasjon, kompetanse og læring / utvikling.

Giske kommune sitt slagord er: **Historisk og framtidsretta.**

Historisk ved at vi tek vare på dei rike verdiane vi har i kultur og natur.

Framtidsretta ved at vi skapar og grip moglegheitene som ligg framfor oss.

Giske kommune er **MOT-kommune**. Eit lokalsamfunn med MOT har:

- MOT til å leve
- MOT til å bry seg
- MOT til å seie nei

Når ein legg vekt på samspelet og uttrykkjer desse verdiane, er det med eit ønskje om at dei skal vere med på å prege møtet mellom alle menneske i Giske kommune.

Forutan satsing på at kommunen skal ha eit rikt kulturliv, er følgjande satsingar prioriterte i **Giske kommune sin samfunnsplan**:

Giske kommune skal ha gode, varierte og trygge bumiljø. Då skal vi:

- ha attraktive møteplassar
- ha gode leikeareal, friområde og helsestiar
- ønskje mangfaldet velkome
- ta vare på eksisterande kulturmiljø, -landskap og kulturminne
- ha gode ferdsselsårer slik at flest mogleg kan gå eller sykle til / frå daglege aktivitetar og fritidssyslar

Giske kommune skal ha ei aktiv og frisk befolkning. Då skal vi:

- prioritere helsefremjande og førebyggjande innsats i all planlegging, forvaltning og tenesteyting
- stimulere til aktiv fritid og bruk av naturen
- legge til rette for møteplassar for alle aldersgrupper og på tvers av generasjonar
- ha ein sosial bustadpolitikk og stimulere til inkludering

Giske kommune skal ha gode og effektive kommunale tenester. Då skal vi:

- definere kva tenester kommunen kan tilby
- definere kva som skal vere private og kommunale tenester, frivillighet og eige ansvar
- stimulere til dialog, medverknad og engasjement frå innbyggjarane, lag og organisasjonar.

Giske kommune skal ha barnehagar og skular med høg kvalitet og med høg kompetanse blant tilsette.

Då skal vi:

- ha fokus på tidleg innsats, tilpassa opplæring og meistring
- skape gode og inkluderande læringsmiljø med gode bygg og uteområde

Giske kommune skal ha varierte og tilpassa helse- og omsorgstenester. Då skal vi:

- ha gode og førebyggjande helsetilbod til småbarnsfamiliar, stimulere til aktivisering og rehabilitering
- utvikle omsorgstenester i tråd med samfunnsutviklinga i samspele med mottakarane, pårørande og innbyggjarane

Giske kommune skal vere ein aktiv medspelar overfor eksisterande næringsliv og legge til rette for etablering av nye bedrifter og næringar. Då skal vi:

- legge til rette for og marknadsføre kommunen sine naturgitte føresetnadar for kultur- og naturbasert næring
- delta i regionalt samarbeid om utvikling av kreative næringar.

Følgjande arealbruksprinsipp frå samfunnsplanen er viktig for kultur:

- I kommunen sin nye arealDEL er det vedtatt nokre førande prinsipp. Følgjande er aktuelle for kulturplanen:
- Nye bustadområde skal utvidast i tilknyting til eksisterande.
- Eksisterande bustadområde kan fortettast der det er kort veg til skule, barnehage, idrett, butikk og møteplassar, fortetting skal vere strøkstilpassa.
- Det skal sikrast areal til teknisk og sosial infrastruktur. For nye areal skal kapasitet til teknisk og sosial infrastruktur vere klarlagd, eventuelt med rekjkjefølgjekrav.
- Retningslinjer i Norm for leikeareal og friområde skal inn som retningslinje i arealdelen.
- Eit aktivt landbruk er viktig for Giske kommune då dette ofte gir gode vilkår for oppleveling og rekreasjon, tur og fysisk aktivitet. LNF (landbruk, natur, friluftsliv) skal ha sterkt vern mot arealomdisponering.
- Friområde som skal sikrast for offentleg bruk; Sandvika (Alnes), Blimsanden, Giskesanden og Hustruhamna.
- Viktige turvegar og helsestiar skal markerast i plankartet.
- Sikre automatisk freda kulturminne og viktige kulturmiljø etter plan- og bygningslova, ref. m.a. Giske kommune sin kulturminneplan: www.kulturminne.co.no
- Sikre areal rundt dagens idrettsanlegg slik at desse kan utvikle seg vidare i tråd med framtidige behov.
- Legge til rette for badeliv, sjøsport/sjøfriluftsliv.
- Legge til rette for aktiv bruk av sjøen med småbåthamner, naust m.m.

Kvalitetsplan for skule, barnehage og SFO 2014 – 2017: «Ord blir handling». Skapande aktivitetar og kulturelt mangfold. Kultur er ein sentral dimensjon i norsk, historie, musikk og praktisk-estetiske fag i grunnskulen. I tillegg skjer mykje anna kulturelt arbeid i barnehage, skule og SFO: «Kultursekkene» / møte med profesjonelle kunstnarar ved alle skulane i Giske. Bruk av nærmiljøet med naturstiar, ulike biotopar og historiske stadar i undervisinga. Barnehagane med turar i naturen, lesestunder, anna kulturformidling i det daglege arbeidet m.m. Ulike elevforestillingar. Lesestimulerande aksjonar. Ønske om innføring av «Kultursekk i barnehagane».

5) Overordna føringar, nasjonalt og regionalt nivå

Statleg nivå

«**Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv» (2014 – 2020)** peiker på 4 statlege mål:

- Alle skal ha mulegheit til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.
- Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir tatt vare på
- Allemannsretten skal haldast i hevd
- Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverke til å fremje eit aktivt friluftsliv og skape helsefremjande, trivselskapande og miljøvennlige nærmiljø.

Gjennom Stortingsmelding 26 (2011 – 2012) «**Den norske idrettsmodellen**» slår staten fast at dei gjennom idrettspolitikken har eit særskilt ansvar for målgruppene barn (6 – 12 år), ungdom (13 – 19 år), personar med nedsett funksjonsevne og inaktive.

Folkehelsemeldingen «Mestring og muligheter», Meld.St. 19 (2014 – 2015) fokuserer på følgjande innsatsområder:

- Psykiske helse
- Helsevennlege val: fysisk aktivitet, kosthald, alkohol snus og tobakk
- Aktive eldre
- Barn og unge
- Tverrsektorielt samarbeid.

Utgangspunktet for folkehelsepolitikken er at helse ikkje berre betyr fråver av sjukdom, men også inkluderer overskot, trivsel og velvere. Helse er noko vi kan ha meir eller mindre av, det er ikkje slik at vi anten er friske eller sjuke.

Nasjonal bibliotekstrategi 2016 – 2026

- Felles infrastruktur - styrking og vidareutvikling for å frigjere ressursar lokalt
- Ny modell for prosjekt- og utviklingsmiddel
- Fleire e-bøker og meire digitalt innhald.

Regionalt nivå

Møre og Romsdal fylkeskommune, hovudmål for kulturarbeidet: «Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig og kunnskapsrikt kulturliv, der aktivitetar og opplevingar, inkludering og folkehelse står sentralt.»

6) Resultatvurdering av Kulturplan 2011 – 2015

Førre temaplan for kultur hadde til dels høge ambisjonar på vegne av kulturlivet. Dette betyr at mykje ikkje har blitt realisert eller jobba med, men slik skal det også vere: ein overordna temaplan skal løfte blikket utover kvardagen. Erfaringane viser samstundes at ein har fått gjennomført svært mange av dei tiltaka som var prioriterte i handlingsprogrammet. Nokre har naturlegvis falt vekk under vegs, men det er naturleg med dei demografiske endringane ein har opplevd særleg siste 5 åra, skiftande trendar m.m.

I planperioden har handlingsprogrammet fungert godt og gitt nødvendige avklaringar og grunnlag for kommunen sine prioriteringar i høve søknader ein har støtta og tiltak kommunen sjølv har gjennomført. Dette viser også igjen i høve søknadar om spelemiddel. Prioritering av desse søknadane og tildelingar av kommunale tilskott til slike anlegg, har skjedd gjennom aktiv bruk av kulturplanen. Dei spelemidlane ein har fått tildelt til Giske er i svært stor grad i samsvar med planintensjonen. Dette viser at planmessig og langsiktig arbeid gir resultat, og at kommunen sitt arbeid med kulturplanen er ein viktig faktor i dette arbeidet.

God samanheng med andre planar i kommunen og forankring til laga gjennom Idrettsrådet er også viktig som grunnlag for kommunen sine prioriteringar og den positive gjennomføringsstatus som ein kan vise til her. At alle anlegg som kjem inn på prioritert plass i idrettsplan også er sikra i kommuneplanen sin arealdel og / eller reguleringsplanar, er ein annan viktig faktor for rask realisering og har bidrige til at anlegga i stor grad er realisert som forventa etter plan.

Men det er stadig rom for forbeteringar. I komande periode bør ein bruke planen meir aktivt i dialogen med dei ulike aktørane då dette vil gi meir føreseielege rammevilkår for kulturlivet, men også slik at vi alle lærer oss til å bruke planen som styringsverktøy.

Ei aukande befolkning der innflytting og innvandring står for store delar av auken, gir utfordringar for Giske kommune og dei mange aktørane i kommunen og lokalsamfunna då mange som etablere seg i kommunen ikkje har tilhøyre og identitet til kommunen frå før av. Kultur har ei viktig rolle å spele her – i tett samarbeid med aktørane i privat og offentleg sektor.

Førre temaplan for kulturplan hadde til dels høge ambisjonar på vegne av kulturlivet. Dette betyr at mykje ikkje har blitt realisert eller jobba med, men slik skal det også vere: ein overordna temaplan skal løfte blikket utover kvardagen. Erfaringane viser samstundes at ein har fått gjennomført svært mange av dei tiltaka som var prioriterte handlingsprogrammet. Nokre har naturlegvis falt vekk under veks, men det er naturleg med skiftande trender m.m.

7) Kulturplanen sin plass i høve andre kommunale planar (planhierarki)

Kulturplan for Giske kommune skal vere eit strategisk verktøy for vidare utvikling av kulturlivet i kommunen der hovudtyngda ligg på det kommunale engasjementet. Planen har eit langt perspektiv, fram mot 2026, men blir truleg rullert (endra) før den tid. Den fortel om kva ønskemål kommunen har for utviklinga av kulturlivet i Giske. Kulturplanen skal også vere eit styringsverktøy for politikarane, kultureininga og kommuneadministrasjonen sitt arbeid. Planen inneholder difor langsiktige ønskemål for framtidig utvikling og meir konkrete tiltak som kan gjennomførast innanfor tilgjengelege ressursar.

Kulturplanen gir ikkje eit fullverdig bilde av kommuneorganisasjonen sitt samla kulturelle engasjement. Planen må sjåast i samanheng med gjeldande Museums- og kulturminneplan i Giske www.kulturminne.co.no Kulturplanen vil gi føringar til andre kommunale einingar og planar – og måtte ta opp i seg føringar frå – andre kommunale einingar og planar som m.a.:

- Kommunal planstrategi – drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling: langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane sine verksemdsplanar og vurdering av kommunen sitt planbehov i perioden.
- Neste generasjons samfunnsplan (kommuneplanen sin tekstdel) og arealplan (kommuneplanen sin kartdel).

- Reguleringsplanar som legg føringar for arealbruken til t.d. idrettsføremål og friluftsliv. NB! Dersom tiltak ikkje er i samsvar med gjeldande arealplanar, må ein anten søkje dispensasjon, foreta omregulering eller leggje anlegget / området ein annan stad.
- Ulike fag- / sektorplanar som:
 - Helse i plan
 - Kvalitetsplan for skular og barnehagar
 - Omsorgsplan
 - «Ord blir handling», kvalitetsplan for skule, barnehage og SFO 2014 – 2017.
 - Rusplan
 - Strategiplan for oppvekst og læring i Giske kommune
 - Strategisk næringsplan.

Kulturplanen har ein 4-årig handlingsplan. Denne er ikkje uttømmande, dvs at tiltak som ikkje er oppførte likevel kan bli gjennomført. Gjennomføring av kommunale tiltak og utbetaling av kommunale tilskott føreset at midlar og ressursar er avsett i årlege budsjett. Dei bør også inngå i kommunen sin økonomiplan (langtidsbudsjett) då denne ser dei ulike fagområda i heilskap.

8) Planprosess inkl. rullering og seinare revidering av planen

Komité for kultur, miljø og tekniske saker vedtok i KKMT-sak 052/14 å starte arbeidet med revidering av temoplan "Kulturplan for Giske kommune". Det vart etablert ei plangruppe beståande av:

- Trine Røssevold, representant frå KKMT
- Tore Nordstrand Uggedal, representant frå KKMT
- To representantar som rådmannen peikar ut. Dette vart kommunalsjef Sindre Røsvik og einingsleiar for miljø og kultur, Frode Elias Synnes. Einingsleiar har vore plangruppa sin sekretær.

Gruppa gjennomførte i april to opne annonserte folkemøter, eine om idrett og friluftsliv, den andre for kulturlivet elles. Det var rundt 20 deltakrar på desse møta, og vi fekk gode innspel som har blitt tatt med inn i planutkastet. Seinare har vi mottatt skriftlege innspel gjennom posten. Ut over dette har ungdommar frå ungdomsskulane deltatt på eit dagseminar på rådhuset der dei fekk kome med innspel til ny arealplan og ny kulturplan. Også Giske ungdomsråd kome med innspel til planen. I tillegg har vi fått innspel frå dei opne annonserte folkemøta på Godøya / Alnes, Valderøya og Vigra som vart haldne i samband med utarbeiding av ny kulturplan. Alle innspela har kome med i planne, men ikkje alle har komne med i handlingsplanen, ref kap. 6.

Komité for oppvekst og kultur vedtok i møte 12.11.15 å legge planen ut til offentleg ettersyn / høyring. Ein mottok då 5 innspel som vart tatt omsyn til. Kulturplanen vart behandla i komité for oppvekst og kultur 19.01.16. Den vart endeleg vedtatt av Giske kommunestyre i møte 04.02.16, ref K-sak 06/16.

Rullering

I utgangspunktet vil planen gjennomgå rullering ein gong pr kommunevalperiode, men det kan skje oftare. Kapittelet som omhandlar prioritering av søknadar om spelemidlar, vil bli rullert kvart år som følgje av at søknadar som er gjennomførte fell vekk og ny søknadar kjem til / vert rullert inn. Dette vil skje utan at sjølve plandokumentet vert endra. Prioriteringa mellom søknadar om spelemidlar som kommunestyret gjer før jul, vert den nye handlingsplanen.

Punkt som er mangelfulle eller ikkje registrert, vert endra / registrert / tatt inn i planen fortløpende.

Revidering

Revidering er å forstå som ein fullstendig gjennomgang av planen, nærmest som utarbeiding av ny plan, m.a.o. vesentlege endringar. I utgangspunktet skal arbeidet med revidering av planen ta til seinast 1 år før utløpet av planperioden. Dette vil sjølvsagt avhenge av korleis kommunestrukturen ser ut når dette vert aktuelt.

9) Utviklingstrekk i kommunen

- Tal om kultur frå Kommunebarometeret 2015, Kommunal Rapport
- Alderssamsetnad og aldring – 2012, 2020 og 2040.
- Befolkningsutvikling 1972 – 2012. Befolkningsframskriving 2013 – 2040.
- Folkemengd i Giske kommune pr 01.01.13, fordelt pr øy og grunnkrins.
- Folketalsutvikling pr øy 1999 – 2013.
- Folketal og snittalder i Giske 1986 – 2013.
- Giske kommune, aldersfordeling 1986 – 2013.
- Innvandrarar og norskfødde med innvandrabakgrunn i Giske kommune, 1970 – 2012.

Plassering innen hver sektor – nasjonalt

	Vekt (%)	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Grunnskole	20		43	34	52	62	
Eldreomsorg	20	147	247	146	61	19	207
Barnevern	10	282	212	192	229	337	354
Barnehage	10	407	261	286	409	372	419
Helse	7,5	232	274	236	203	177	221
Sosial	7,5	157	159	185	225	143	128
Kultur	2,5	405	384	413	399	360	384
Økonomi	10	381	398	421	401	424	428
Kostnadsnivå	5	152	149	200	77	42	62
Miljø og ressurser	2,5	164	331	265	206	46	132
Saksbehandling	2,5		134	320	277	290	
Vann, avløp og renovasjon	2,5	14	13	21	41	96	58

Plasseringene er oppdatert med nøkkeltallene som er brukt i 2015-barometeret. Sammenliknbar serie

Fargekodene gir signal om hvor godt eller dårlig kommunen ligger an i sektoren, målt mot alle kommuner.

NB: I noen tilfeller har ikke kommunen nok data til å bli plassert innen enkelte sektorer.

I tabellene for hver enkelt sektor er plasseringer og karakterer for tidligere år oppdatert for å være mest mulig sammenliknbart med årets utgave. Det er bare i totaltabellen – ikke i sektorene – at vi justerer for kommunens korrigerte inntekt.

Husk: Dette er en rangering, ikke en kvalitetsvurdering. Ligger kommunen langt nede på et område, er det sannsynlig at det er noe å lære av andre, men det betyr ikke automatisk at kvaliteten i den leverte tjenesten er dårlig.

Hva forteller tallene?

Kommunen havner litt under midten av totaltabellen i den endelige utgaven av Kommunebarometeret fra Kommunal Rapport. Plasseringen totalt er langt svakere enn for ett år siden, når vi ser på indikatorene som er brukt i 2015-barometeret. Vi har gjort noen endringer i metoden. Samlet sett har endringene liten praktisk effekt for Giske.

Nøkkeltallene er omtrent som forventet ut fra disponibel inntekt. Giske har ingen direkte topplasseringer, men har Topp 100-plassering hva gjelder grunnskole, kostnadsnivå og vann, avløp og renovasjon.

Nøkkeltallene innen særlig økonomi og barnehage, men også kultur og barnevern, trekker ned. Totalt er profilen en god del dårligere enn i normalkommunen. I totaltabellen – og bare der – justerer vi for kommunens inntektsnivå. Det fører Giske langt oppover tabellen.

En annen måte å vurdere kommunen på, er å se hvordan nøkkeltallene utvikles over tid (nederst side 2). I Giske er andelen nøkkeltall som har blitt forbedret det siste året, veldig mye mindre enn andelen som har blitt dårligere. Nasjonalt er det omtrent like stor andel nøkkeltall som har blitt bedre, som dårligere. Å māle egen utvikling på denne måten kan være vel så relevant for den enkelte kommune som plasseringen totalt i Kommunebarometret. Å stadig ha bedre nøkkeltall bør indikere at kommunen leverer bedre enn før – og omvendt. I de kommunene med mest positiv profil er det ikke uvanlig at to tredeler av nøkkeltallene har blitt bedre.

Plasseringer målt mot fylke

	Vekt (%)	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Grunnskole	20			8	5	7	9
Eldreomsorg	20	11	18	9	3	1	12
Barnevern	10	18	9	12	17	27	28
Barnehage	10	30	11	17	31	27	35
Helse	7,5	24	26	26	23	21	25
Sosial	7,5	12	16	18	21	15	13
Kultur	2,5	33	31	36	33	24	30
Økonomi	10	28	31	34	33	36	36
Kostnadsnivå	5	12	14	23	8	4	6
Miljø og ressurser	2,5	15	34	29	21	2	9
Saksbehandling	2,5			8	26	21	22
Vann, avløp og renovasjon	2,5	2	3	3	3	7	5

Plasseringer målt mot kommunegruppe

	Vekt (%)	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Grunnskole	20			5	6	6	9
Eldreomsorg	20	21	32	17	9	3	30
Barnevern	10	33	25	22	23	46	45
Barnehage	10	49	33	39	52	51	52
Helse	7,5	19	31	26	19	13	19
Sosial	7,5	26	25	20	30	14	12
Kultur	2,5	50	47	51	50	47	47
Økonomi	10	44	47	52	50	53	53
Kostnadsnivå	5	19	24	32	6	3	5
Miljø og ressurser	2,5	23	42	41	35	8	18
Saksbehandling	2,5			20	41	39	42
Vann, avløp og renovasjon	2,5	3	2	3	5	10	7

NB: De ti største kommunene er plassert sammen i kommunegruppe 14 av Kommunal Rapport her i Kommunebarometeret. For øvrig er inndelingen som SSBs kommunegrupper per mars 2015. Tabellene er oppdatert bakover i tid for å være sammenliknbare med 2015-barometeret.

Kultur

Teller 2,5 % av det samlede barometeret

Kommunens karakterbok	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Kommunens nøkkeltall	De beste i landet
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015		
PRIORITERING: Netto driftsutgifter til kultur, andel av totale netto driftsutg (15 % vekt innen sektoren)	2,0	1,4	1,4	1,8	1,8	2,5	6,3
IDRETT: Netto driftsutgifter til idrett per innbygger (10 %)	2,2	1,3	1,4	2,6	2,9	243	631
BARN OG UNGE: Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud for barn og unge (10 %)	1,4	1,5	1,5	1,4	1,3	180	2 759
BIBLIOTEK: Netto utgifter til bibliotek, per innbygger (10 %)	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	169	693
BIBLIOTEK: Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (10 %)	1,0	1,1	1,1	1,3	1,3	2,2	9,0
BIBLIOTEK: Besøk i folkebibliotek per innbygger (5 %)	1,3	1,3	1,2	1,4	1,1	1,2	9,0
KINO: Kinobesøk per innbygger (5 %)	1,0	1,0					
SYSSELSATTE: Ansatte kulturarbeidere i kommunen (fra Norsk Kulturindeks, Telemarksforskning) (10 %)				2,7	2,1	4,0	13,0
MUSIKKSKOLE: Antall timer per elev (fra Norsk Kulturindeks, Telemarksforskning) (5 %)				2,2	2,2	3,0	8,8
MUSIKKSKOLE: Andel av elevene som går på kommunens musikk- og kulturskole (10 %)	3,1	2,9	3,1	3,2	2,8	26	55
FRITIDSSENTER: Antall besøk i året, per innbygger 6-20 år (5 %)	1,7	1,8	1,4	1,4	1,2	0,8	12,1
FRIVILLIGE: Driftstilskudd til lag og foreninger, per innbygger (5 %)	3,6	1,5	2,2	1,8	1,7	63	339

Årstallene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

Hva forteller tallene?

Nasjonalt: 3,8 prosent av netto driftsutgifter i kommunene går til kultur. Andelen har vært veldig stabil de siste årene. Vi ser en vridning av pengebruket i retning av idrettsanlegg, som er den delen hvor utgiftene øker mest. Samtidig faller utgiftene til annen idrett. I de foreløpige tallene mangler statistikk fra biblioteket, her har vi brukt 2013-tallene inntil de nye foreligger. Kinobesøket falt vesentlig i fjor og er nå på sitt laveste nivå per forestilling i nyere tid. Telemarksforskning lager Norsk kulturindeks, som vi henter enkelte nøkkeltall fra – blant annet antall timer per elev i musikk- og kulturskole. Andelen som går på musikk- og kulturskole falt litt i fjor og er nå på 17 prosent.

Kommunen: 2,5 prosent av netto driftsutgifter gikk til kultur i Giske i fjor, det er omrent som året før. I barometeret er det fire indikatorer som måler pengebruk per innbygger. Giske utmerker seg ikke spesielt på noen av disse områdene.

Besøket i biblioteket er lavt. Utlånet er omtrent på samme nivå. Andelen som går på musikk- og kulturskole er omtrent som i normalkommunen. Antall timer per elev er noe under middels, ifølge Norsk kulturindeks. Det er ikke særlig mange som er sysselsatt innen kultursektoren i kommunen, privat eller offentlig. Kommunen har fritidssenter, men ifølge statistikken er det nesten ikke brukt. Hvorfor ikke?

De beste i landet

Plass	Kommune	KUL1	KUL2	KUL3	KUL4	KUL5	KUL6	KUL7	KUL8	KUL9	KUL10	KUL11	KUL12
1	Bykle	6,0	6,0	6,0	5,8	5,8	6,0	3,6	6,0	6,0	6,0	6,0	6,0
2	Ål	5,3	6,0	2,7	5,0	4,3	6,0	5,6	6,0	5,3	5,8	1,0	6,0
3	Utsira	6,0	1,0	6,0	6,0	6,0		2,5	4,5	6,0	6,0	6,0	3,6
4	Tokke	6,0	3,2	4,5	5,5	5,0	4,3	2,0	6,0	5,3	5,9	2,7	6,0
5	Aurland	5,0	6,0	4,3	6,0	3,2	3,8	2,1	4,4	5,7	6,0	6,0	3,8
6	Sirdal	6,0	6,0	6,0	4,1	4,6	2,4	2,9	4,1	4,0	6,0	2,0	4,6
7	Modalen	6,0	3,3	2,3	6,0	6,0	6,0	2,9	2,7	5,7	5,1	6,0	5,9
8	Fyresdal	6,0	3,9	6,0	5,9	6,0	3,9	2,2	1,4	5,6	4,0	6,0	3,7
9	Tinn	6,0	6,0	4,7	5,0	5,1	2,2	3,5	5,0	3,5	2,3	2,0	5,8
10	Nesseyby	6,0	4,9	6,0	6,0	2,0	1,2		6,0	4,2	2,4	4,9	4,3
11	Eidfjord	6,0	6,0	6,0	4,8	1,1	1,2	2,5	2,7	6,0	6,0	6,0	3,6
12	Suldal	6,0	4,2	4,0	4,3	6,0	3,2	2,6	6,0	6,0	3,9	1,0	2,2
13	Røyrvik	1,7	6,0	3,7	6,0	3,3	5,5	2,1	5,6	6,0	6,0	5,5	3,6
14	Namskogan	4,4	6,0	6,0	4,5	3,2	3,2		1,8	6,0	6,0	2,8	3,0
15	Stor-Elvdal	5,4	4,1	6,0	3,2	3,4	6,0	1,9	2,1	4,5	6,0	4,0	4,2

De beste i kommunegruppa


Plass	Kommune	KUL1	KUL2	KUL3	KUL4	KUL5	KUL6	KUL7	KUL8	KUL9	KUL10	KUL11	KUL12
33	Røros	4,9	5,7	3,1	2,4	3,3	2,4	3,2	6,0	3,2	3,9	2,4	1,7
52	Oppdal	6,0	4,1	2,8	1,9	2,3	2,9	6,0	4,0	2,1	2,5	1,7	6,0
68	Nordre Land	2,9	3,5	5,0	2,5	3,4	1,7	2,1	2,7	2,9	3,4	6,0	6,0
86	Bø (Telem.)	3,5	3,2	1,2	2,7	5,7	3,0	6,0	3,6	3,1	3,2		1,1
93	Voss	3,3	3,4	3,3	2,6	3,6	3,0	3,7	6,0	1,7	1,8	2,7	3,4
103	Inderøy	2,7	2,5	1,8	2,7	4,6	6,0	1,0	3,9	2,2	2,8		6,0
104	Målselv	2,4	3,7	1,4	2,3	3,8	3,5	5,7	5,5	1,5	2,4		
105	Surnadal	5,5	1,9	2,7	3,1	2,9	2,7	3,0	2,1	3,1	4,4	1,7	1,9
112	Gloppen	1,1	1,0	1,9	3,5	5,4	4,0	3,4	5,6	6,0	3,9	1,8	1,6
113	Vågan	4,6	3,7	3,0	2,0	1,9		2,7	4,3	3,3	2,3		1,0

De beste i fylket

Plass	Kommune	KUL1	KUL2	KUL3	KUL4	KUL5	KUL6	KUL7	KUL8	KUL9	KUL10	KUL11	KUL12
27	Sunndal	5,3	4,0	3,5	4,4	2,4	3,3	3,5	3,7	3,6	4,0	2,5	6,0
65	Norddal	2,3	2,8	2,9	5,8	4,1	1,5	1,6	4,2	4,9	3,9	2,1	4,0
67	Rindal	5,3	6,0	2,2	3,0	2,9	2,9	2,9	1,6	3,1	2,5		3,5
87	Sandøy	2,8	4,6	1,5	3,0	6,0	4,8	1,8	1,1	6,0	4,9	1,9	1,4
105	Surnadal	5,5	1,9	2,7	3,1	2,9	2,7	3,0	2,1	3,1	4,4	1,7	1,9
111	Stordal	2,9	2,1	2,5	2,8	4,9	2,9		1,6	2,7	4,0	6,0	2,9
114	Smøla	4,9	1,7	1,1	3,5	2,0	2,1	1,7	3,4	3,9	5,7		1,7
152	Aukra	3,3	2,5	3,0	3,0	1,8	2,4	1,4	1,5	4,9	4,6	1,0	6,0
173	Halsa	1,9	3,1	1,6	1,7	2,8	1,5	1,7	3,1	3,1	5,2	6,0	3,2
196	Tingvoll	2,7	1,5	2,2	3,1	2,7	3,2	1,1	2,4	4,0	4,6		2,1

Alderssammensetning og aldring - 2012, 2020 og 2040

Figur 3





Figur 4

Aldersgrupper - del av befolkningen	2012			2020			2040		
	Giske	Landet	Giske	Landet	Giske	Landet	Giske	Landet	Giske
0-5 år	8,4 %	7,5 %	8,2 %	7,8 %	7,7 %	7,7 %	7,7 %	6,8 %	6,8 %
6-19 år	20,8 %	17,6 %	19,8 %	16,8 %	18,8 %	18,8 %	18,8 %	16,9 %	16,9 %
20-65 år	58,3 %	61,7 %	58,4 %	60,7 %	54,9 %	54,9 %	54,9 %	56,7 %	56,7 %
67-79 år	8,2 %	8,7 %	9,7 %	10,7 %	11,6 %	11,6 %	11,6 %	12,5 %	12,5 %
80 år eller eldre	4,4 %	4,4 %	3,9 %	4,1 %	4,1 %	4,1 %	4,1 %	7,1 %	7,1 %


1532 Giske Befolkningsutvikling 1972-2012

Figur 1

	Giske	Landet
Innbegjærar 1.1.2012	7 312	4 985 870
Vekst 1972-2012	39,5 %	42,2 %




Folkkemengd i Giske kommune 01.01.2013 fordelt per øy




Samla
innbyggartal:
7 541


Folkemengd i Giske kommune 01.01.2013 fordelt per øy og grunnkrins




Giske: Folketalsutvikling per øy 1999-2013



Folketal og snittalder i Giske 1986-2013



Giske kommune, aldersfordeling 1986-2013



Innvandrarar og norskfødde med innvandrarbakgrunn, Giske kommune

